

Til Kultur- og Kyrkjedepartementet

20. oktober 2004

INNSPEL TIL STORTINGSMELDINGA OM KULTUR OG NÆRING

Norges Bygdekvinnelag er ein frivillig, partipolitisk nøytral organisasjon for kvinner som føler tilknytning til primærnæringane og bygdemiljøet. Norges Bygdekvinnelag skal arbeide til beste for bygdefolkets økonomiske, sosiale og kulturelle interesser. Per i dag har NBK 16000 medlemmer, 18 fylkesstyrar og 500 lokallag.

NBKs visjonen er **AKTIVE KVINNER FOR LEVANDE BYGDER**. Temaet for arbeidsplanen 2004-2005 er **KVINNER OG VERDISKAPING**.

Kvinner har alltid hatt stor kompetanse på området verdiskaping. Med temaet **KVINNER OG VERDISKAPING** ynskjer Noregs Bygdekvinnelag å setje fokus på den rolla kvinner til alle tider har hatt og vil ha som verdiskaparar og ressurspersonar.

Norges Bygdekvinnelag ynskjer derfor at stortingsmeldinga om Kultur og Næring tek opp temaet:

MATKULTUR – KULTURMAT – TRADISJONSBERING

Rundt om i landet er det mange som sit på stor kunnskap om lokal mattradisjon og bruk av lokale råvarer. For nokon har dette utvikla seg til næring, men mange er enno ikkje komne i gang med å utvikle dette. Myndigheta må sikre tettare samarbeid mellom både de ulike departementa, Innovasjon Noreg og det lokale forvaltningsapparatet slik at det blir letter å starte opp næringsverksemd, basert på lokalprodusert kulturmat.

Ein må også finne måtar å stimulere lokal eldsjeler som held liv i og hjelper til med nye spennande kulturopplevingar i heile landet. Det må også stimulerast til at tradisjonar blir samla og nedskrivne – samt gjort tilgjengelig for publikum i bøker/multimediepresentasjonar og læremateriell.

I tillegg kan utøvande innan matkultur oppfordrast til å etablere samarbeid med utøvande aktørar innan kunst, musikk og/eller dans, for å styrke kulturopplevinga når kulturmat omformast til eit reiselivsprodukt.

I det vidare arbeidet med satsingsområdet **KULTUR** og **NÆRING** synast NBK det er viktig å legge vekt på både bevaring og vidareutvikling av tradisjonar samtidig som ein er open for å lære nye kulturformer. Arbeidet må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Og Norges Bygdekvinnelag håper departementet tar med seg dette i si skriving av Stortingsmeldinga.

Med helsing

Ellen Klynderud (s)
Generalsekretær

Feil! Tallet kan ikke representeres i det angitte formatet.